



Radøy kommune v/ kommunalsjef helse og omsorg Saksbehandlar, innvalstelefon

Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Siren Rørgård Skjerven, 5764 3184

Gjeld Kvalifiseringsprogrammet

Vi viser til vårt brev av 26.04.2019 der vi bad om informasjon om kvalifiseringsprogrammet (KVP) frå Radøy kommune. Vidare viser vi til dykkar svar av 31.05.2019 på vår førespurnad, og vi takkar for tilbakemelding i saka.

Forventa tal KVP-deltakarar i Radøy kommune er 5,9 deltakarar per månad pluss/minus 30 %, jf. statistikk frå Arbeids- og velferdsdirektoratet av 09.04.2019. Det forventa nivået er basert på kommunefordelinga av KVP bevillingar over statsbudsjettet i 2013 og må sjåast som rettleiande då mykje har endra seg sidan den gang, difor står det pluss/minus 30 %. Føringer frå departementet er at overføringane til KVP er som tidlegare, men at beløpet no er i rammefinansiering til kommunane. Måltala skal nyttast med varsemd og gir berre ein indikasjon på kor høgt talet KVP-deltakarar bør vere. KVP er ein rett for dei som fyller vilkåra etter sosialtenestelova paragraf 29, uavhengig av måltal.

De opplyser at det er fleire årsaker til at kommunen har hatt få deltakarar i KVP, mellom anna på grunn av stort fråvær og manglande ressursar i Nav-kontoret til å finne aktuelle kandidatar. Det er to tilsette som arbeider med KVP, og de meiner at de frå no av skal få ei betre oversikt over brukarane og med dette bidra til at dei får den hjelpa dei har krav på.

Kravet til forsvarlege tenester i sosialtenestelova inneber at KVP skal gjerast tilgjengeleg for alle som har rett til det. Det er viktig at leiinga i kommunen, ved styringsaktivitet, sikrar at KVP er tilgjengeleg, her under at det blir gitt informasjon om KVP til innbyggjarane, til potensielle søkarar som tar kontakt på Nav-kontoret, og at det gjerast forsvarlege identifikasjonsprosessar. Vidare at kommunen sikrar at dei tilsette har tilstrekkeleg med ressursar og kompetanse til forsvarleg tildeling og gjennomføring av KVP.

Vi minner om at Nav- kontoret månadleg rapporterer om KVP til Arbeids- og velferdsdirektoratet, gjennom SurveyXact. Arbeids- og velferdsdirektoratet har bedt oss ta opp manglande KVP rapportering med dei kontor som ikkje rapporterer kvar månad, i mail av 29.05.2019. Talmaterialet i rapporteringa er viktig både for direktoratet og for Fylkesmennene i arbeidet med KVP.



Fylkesmannen vil hausten 2019 arrangere nettverkssamlingar for Nav-tilsette som arbeider med KVP. For meir informasjon viser vi til vår nettside, under kurs og konferansar:

<https://www.fylkesmannen.no/nn/vestland/kurs-og-konferansar/>

Dersom de har spørsmål til dette brevet, eller til KVP-regelverket, så ta gjerne kontakt.

Med helsing

Linda Kråkenes e.f.
seniorrådgjevar

Siren Rørgård Skjerven
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Nav Radøy v/leiar